

Språkrådet

Oslo, 9. april 2024

Høyringssvar om rettskrivingsendringar i bokmål og nynorsk 2024

Fyrst vil me takke for invitasjonen til å svara på høyringa. Me fylgjer strukturen i høyringsnotatet og svarar med utgangspunkt i det.

3.1 Endring av genusnormering

Me ser det som positivt at ikkje noko vert teke ut av norma her. Men ein kan til gjengjeld vurdere å ha *skyr* og *skjør* som eitt oppslag, då det i røynda er eitt og same ordet. Av same grunnen er me skeptiske til å ha eit anna kjønn på *skyr* enn på *skjør*, me vil altso halde på inkjekjønnsbøyning av *skyr*.

3.3 Normering av norvagiserte former

Det er i utgangspunktet positivt at fleire norvagiserte former kjem inn i norma. Nokre av dei verkar ved fyrste augnekast meir påfallande enn andre, men slik er det alltid fyrste tida. *Skampi* og *kampus* bør kunna gå inn utan nemneverdige problem når til dømes *skanne* har gjort det. Ein vil kunna tenkje seg at det er eit hierarki her, at somme norvagiserte former lettare får innslepp enn andre. Somme språkbrukarar vil nok anten velja alle eller ingen av dei. Slik sett bør ein i stor grad halde på valfridom og gjerne innføre ei norvagisert form i fleire tilfelle.

På hi sida vil eg draga fram ei norvagisert form som gjekk ut for ei stund sidan, *keitering*, det er uheldig å skulla leggje opp til at folk skal kunna skrive *kava* og *prosekko*, men må skrive *catering*. Det vert fort til at ein endar opp med stilbrot (om ein skal/må fylge rettskrivinga), og dermed gjer det vanskelegare å velja dei norvagiserte formene. De bør difor sjå på om *keitering* òg skal takast inn att. Sameleis bør nærskyldje ord som *campe* og *camping*, som har same førelekk som *campus*, kunna skrivast med k.

Det er ikkje utenkjeleg at det er eit spektrum her, der somme vil nytte so mange norvagiserte ord som mogeleg, og andre vil nytte færrast mogeleg, og so har ein dei som ligg midt imellom. Her kan normeringa gå i eine eller hi retninga: Anten tek de inn orda som ligg best an til å lukkast, eller so tek de og innfører ei norvagisert form som valfri form gjennomgåande i rettskrivinga, for desse orda treng nok å kunna stø seg på kvarandre – altso at ein då gjer det lettare å velja å skrive *skampi* og *kampus*, om ein òg kan skrive *kampingvogn*, *keitering* og liknande.

3.4 Endring i skrivemåten av importord

Me merkjer oss at endringa i bøyinga av desse importorda berre gjeld ein skilde ord, og at ein soleis må lære seg kva for ord det gjeld. Det er uheldig å skalla skrive *jus – jussen*, men til dømes *bag – bagen*. Her får me ein tydeleg inkonsekvens i rettskrivinga. Det beste er truleg å ikkje endre noko nett no, men heller ta ein grundig gjennomgang og endre det gjennomgåande i ein annan runde.

5.2 Normering av ordet *koss*

Det er godt nytt at det vert stilt inn på å ta inn att *koss*. Det burde i utgangspunktet aldri vore teke ut, set at ein har som prinsipp at ein ikkje normerer ordfanget (utanom i danske/lågtyske lånord), då det (truleg) har eit anna opphav enn *korleis* og attpåtil er eit erveord. Det er elles tydeleg at det bør ha si eiga oppslagsform og etymologiopplysning (dvs. til skilnad frå måten det er ført på i Norsk Ordbok).

Med helsing frå

Håkon Ambrosius Remøy
på vegner av Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

Mobil: 99 44 20 02
E-post: h.remoy@samlaget.no